



Landbruksdirektoratet  
Postboks 8140 Dep  
0033 OSLO

Att:

Dykkar ref..

Vår ref.  
14/904-130/18/12073

Arkivkode:  
K1 - 000

Dato:  
12.09.2018

## NY NASJONAL INSTRUKS FOR REGIONALT MILJØPROGRAM - UTTALE FRÅ HJELMELAND KOMMUNE

Me viser til forslag til nasjonal instruks om regionale miljøtilskot i jordbruket som Landbruksdirektoratet har sendt på høyring. Hjelmeland kommune er klar over at dette er ein instruks som skal gjelde for fylkesmannen si utforming av dei regionale forskriftene, og at instruksen i utgangspunktet er sendt på høyring til Fylkesmannen og ikkje til kommunane. Forslaget til instruks inneber ein del endringar i forhold til dagens regionale forskrift i Rogaland. Ein del av desse endringane kan få store konsekvensar for jordbruket i vår region, og kommune ønskjer difor å gi sin uttale til forslaget.

### Bratt areal – bortfall av tilskot til beite

Føremålet med tilskotet til drift av bratt areal er etter det ein har forstått, å stimulere til skjøtsel av areal som har driftsvanskar og sikre god produksjon på areala. I Hjelmeland kommune er om lag 50% av jordbruksarealet innmarksbeite, og utgjer med andre ord ein stor og avgjerande del av førgrunnet for husdyrproduksjonen. Det opne beitelandskapet er dessutan eit svært viktig element i kulturlandskapet, og viktig også for naturmangfald og for opplevingsverdien for fastbuande og ferierande i vår region. Det er med andre ord avgjerande at me klarer å halda beiteareala i drift. Ein stor del av innmarksbeita er bratte og vanskelege å driva, og tilskotsordninga til drift av desse areala er etter kommunen sin oppfatning eit viktig stimuli for å halda også dei mest tungdrivne areala i produksjon. For Hjelmeland kommune sin del blei det i 2017 gitt tilskot til 8858 dekar bratt areal, der hovudtyngda av dette er beiteareal.

Me klarer ikkje å finna nokon argumentasjon i høyringsnotatet for kvifor Landbruksdirektoratet ønskjer å ta ut beiteområda frå ordninga. Dersom det botnar i ei oppfatning av at areal som blir beita ikkje er krevjande å driva, vil me nytte høvet til å understreka at det faktisk er krevjande å driva bratte beiteareal. Dette fordi gjødsling, kalking og ugraskamp er meir arbeidskrevjande, og delvis må gjerast manuelt og ikkje maskinelt. Beitebruk krev gode gjerde, og gjerdehald er også krevjande på bratt og ulendt areal. Hjelmeland kommune meiner at tilskot til drift av bratte innmarksbeite er ei god og målretta ordning for å sikra skjøtsel og god produksjon på areala, i samsvar med målsetjinga. Me ber difor om at den nasjonale instruksen blir slik at det framleis kan gis tilskot til drift av bratte innmarksbeite.

### Skjøtsel av styvingstre:

Hjelmeland kommune meiner at ordninga må behaldast som i dag, dvs. at det gis årlege tilskot til skjøtsel av trea. Ei ordning der det berre gis tilskot det året treet blir skjøtta vil vera vanskeleg å handtera, både for bonden og for landbruksforvaltninga. I vår kommune har me mange styvingstre (kydlestuar), og fleire av søkjarane har mange tre på sin eigedom. Det er som regel ikkje aktuelt å skjøtte alle trea same året. For å betre overlevinga til styvingstrea er det heller ikkje alltid ein tek alle

greinene på ein gong. For bonden vil det vera krevjande å halde greie på kor mange tre ein kan søkje om tilskot til, og det er uheldig om ordninga tvingar fram ein skjøtsel som gjer at fleire av styvingstrea døy (fordi dei styvar alle greinene for å vera sikker på å ha rett på tilskot). For kommunane vil det heller ikkje letta kontrollen.

Konklusjon:

Ordninga med tilskot til drift av bratt areal er kjempeviktig i heile Rogaland, og særleg viktig er ordninga for drift av bratte innmarksbeite. Dette er viktig både for å oppretthalda matproduksjonen, men også for den totale verdiskapinga i distrikta. Levande kulturlandskap der det er opne beitelandskap er også viktig for naturmangfald og for ei veksande reiselivsnæring.

Hjelmeland kommune ber om at innmarksbeita ikkje blir tatt ut av ordninga med tilskot til drift av bratte areal.

Styvingstre er viktige element i kulturlandskapet, og er viktige for naturmangfaldet. Difor er det viktig å ha ei god ordning for å stimulera til skjøtsel av desse. Då må ordninga vera enkel å forstå både for bonden og forvaltninga. Dagens ordning med årlege tilskot fungerer bra, og me ber om at den ikkje blir endra til ei ordning der tilskot berre blir gitt det året trea er skjøtta.

Med helsing  
Plan og forvaltning

Torborg Kleppa  
rådgjevar jordbruk

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ingen signatur*

**Kopi til:**

Fylkesmannen i Rogaland

Postboks 59 Sentrum

4001

STAVANGER